Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 27.08.2025
Vår ref: 2019/3040
Dykkar dato:
Dykkar ref:

SUNDE RESIRK AS
Postboks 193
6882 ØVRE ÅRDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Toril M Mulen, 5764 3127

Rapport etter tilsyn hos Sunde Resirk AS sitt avfallsanlegg i Øvstetunsvegen 12, Øvre Årdal

Kontrollnummer: 2025.170.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn 25. april 2025 hos Sunde Resirk AS sitt kabelgjenvinningsanlegg i Øvstetunsvegen 12 i Øvre Årdal (organisasjonsnummer: 972220248).

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:

- Avvik 1: Verksemda har ikkje journal over alt avfall ved anlegget
- Avvik 2: Verksemda kan ikkje dokumentere at alt farleg avfall er deklarert
- Avvik 3: Verksemda har manglar i internkontrollen

Avvik er manglande etterleving av krav, fastsette i eller med heimel i lov.

Sunde Resirk AS må rette opp avvik snarast. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvik er retta innan 5. desember 2025. Gjennomføring av tiltaka kan bli følgd opp med nytt tilsyn.

De må betale gebyr
Sunde Resirk AS må betale eit gebyr på 31 200 kr for tilsynet.

Vi ber om tilbakemelding på e-post
Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til sfvlpost@statsforvalteren.no og merkar e-posten med 2019/3040.

Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

Avvik 1: Verksemda har ikkje journal over alt avfall ved anlegget

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket
Punkt 3.2 i løyvet etter forureiningslova datert 23.02.2014.

Om krava
Ved anlegget i Øvstetunsvegen 12 skal det førast journal over alt avfall som til ei kvar tid er lagra på anlegget. Journalen skal også innehalde oversikt over all transport av avfall og produkt til og frå anlegget.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering
Under kontrollen kom det fram at det ikkje vert ført journal over avfall lagra, eller mottatt ved anlegget. Vi vurderer at dette er eit brot på vilkår i løyvet.

Avvik 2: Verksemda kan ikkje dokumentere at alt farleg avfall er deklarert

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket
Avfallsforskrifta, kapittel 11 om farleg avfall, jamfør § 11-8 leveringsplikt

Om krava
Verksemd der det oppstår farleg avfall, skal levere dette til den som etter §§ 11-6 og 11-7 kan handtere avfallet. Det farlege avfallet skal leverast minst 1 gong per år. Plikta trer ikkje inn før den totale mengda farleg avfall overstig 1 kilo.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering
Verksemda kan ikkje dokumentere at plast frå kabelgranulering ikkje er farleg avfall. Under kontrollen kom det fram at plast frå kabelgranulering ikkje er levert som farleg avfall til godkjent avfallsmottak.

I løyvet datert 23.02.2014 vert det vist til at: «Verksemda har ei maskin som separerer plast og metall i elektriske kablar slik at metallet kan gjenbrukast. Ein analyse av plastgranulatet frå denne prosessen synte verdiar over grensa for farleg avfall for ftalater (DEHP) og klorparafiner (MCCP)».

Vi vurderer at verksemda ikkje kan dokumentere at alt farleg avfall er levert til godkjent avfallsmottak.

Avvik 3: Verksemda har manglar i internkontrollen

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket
Internkontrollforskrifta § 5, andre ledd punkt 7

Om krava
Verksemda skal iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og forebygge brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering
Under kontrollen kom det fram at verksemda ikkje har ei rutine for skifte av filter på kabelgranuleringsmaskina. Vi vurderar at det er naudsynt å ha ei skriftleg rutine som sikrar at filteret som skal redusere støv fungerar optimalt og etter intensjonen for å ivareta ytre miljø best mogleg.

Vedtak om gebyr
Statsforvaltaren vedtar at Sunde Resirk AS må betale eit gebyr på 31 200 kr for tilsynet. Dette svarar til sats 3 for tilsyn av inntil ein dags varigheit og er gitt på bakgrunn av ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr 23. april 2025 og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

De har rett til å klage
De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunngjevast skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet
Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:
- Åsmund Skancke Karlsnes
- Toril M Mulen

Kontaktperson hos verksemda:
- Rolf Vidar Bentås

Anlegg
Anlegget til Sunde Resirk AS i Øvstetunsvegen 12, Øvre Årdal vart kontrollert under tilsynet.

Tema
Følgjande tema vart kontrollerte:

- utslepp til vatn
- utslepp til luft
- støy
- handtering av avfall, inkl. farleg avfall
- internkontroll, inkl. risikovurdering, rutinar og avviksbehandling

Regelverk
Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- produktkontrollova

Dokumentasjon
Følgjande dokumentasjon vart lagt fram for å verifisere faktiske tilhøve: det vart ikkje lagt fram skriftleg dokumentasjon. Vi hadde muntleg gjennomgang av rutiner ved anlegget.

Del 4: Annan informasjon

Andre tilhøve
Avfallsanlegget i Øvstetunsvegen 12 vert drifta i ein mindre skala enn løyvet kan tilseie. Det vert ikkje lagra papp, eller vindauge på anlegget. Dette vert handtert på avfallanlegget til Sunde Resirk i Utladalen.

Anlegget er per i dag registrert som eit IED-anlegg (anlegg omfatta av EUs direktiv om industriutslepp) på grunn av mengda samtidig lagra farleg avfall som det er løyve til å lagre. Verksemda har ikkje behov for dei lagringsmengdene som det er gitte løyve til. Vi oppmodar verksemda til å søkje om endring av løyvet for å betre spegle dagens drift.

Verksemda journalfører ikkje mengde kablar inn til anlegget, eller ut av anlegget. Dei meiner dei har oversikt utifrå ei sjablongmessig stipulering av at forholdet mellom metall og plast når kablane er ferdiggranulert er 40/60.

I samband med søknaden av løyve vart det teke prøver av plasten, og det vart funne nivå av stoff som svarer til at plasten lyt reknast for å vere farleg avfall. På denne tida tok verksemda imot kablar som var isolerte med plast med flammehemmande eigenskapar. Jamfør verksemda er det sjeldan at verksemda mottek kablar med flammehemmande eigenskapar no.

De kan kommentere på rapporten
De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

Rapporten er offentleg
Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på www.einnsyn.no, i samsvar med offentleglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.

Med helsing

Åsmund Skancke Karlsnes
overingeniør

Toril M Mulen
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

ÅRDAL KOMMUNE	Statsråd Evensensveg 4-6	6885	ÅRDALSTANGEN